



Fire peronar over 90 år vart heidra særskild på festen. F.v: Gerhard Bakke, Trygve Haugland, Alberg Øvsthus og Sigurd Vik.

**Trygve Haugland frå Uskedalen var ein av fire over 90 år som deltok på Danselaget i Herand sin julafest i romjula. Med 100 gjester i salen var det mange ivrige dansarar frå Kvinnherad. Seks av dei kom frå Uskedalen og er fast med på danselaget sine dansekveldar i Herand Grannahus. Johan Haugen, som mange minnest frå skyssbåten Fjordclipper, er leiar i laget.**

Sigrun og Trygve Haugland har eit nært forhold til bygda Herand i Jondal kommune. Dei brukte bygda om fast ferieplass i ein 20 års periode, på campingplassen Vassel i vogn eller i hytte. Dei kjenner folket og har vore med på haustfestar og julafestar. Tilflyttarsamling er eit anna arrangement dei har vorte inviterte til.

Bakgrunnen for dette er at foreldra hennar saman med familien flytta og budde mange år i Herand. Ei tante til mora var gift og budde i bygda. Sigrun gjekk på skulen i Herand frå ho var 11 år. I 1952 vart ho gift med Trygve og kom til Haugland i Uskedalen.

Julafesten i Herand er eit interkommunalt tiltak. Festen med program, middag og dans er på dagtid og tidleg kveld. Alle skal nå heim med den siste ferja. Uskedalen.no la merke til at både far til NRK kjendisen Øyvor Bakke og far til Lotepus var med på festen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal